

# Innkalling til nytt ekstraordinært årsmøte i Imsland Bygdahus S/A

Møte vert halde på Bygdahuset onsdag den **5. desember 2012 kl.1930.**

Sakliste:

**Sak 1** Godkjenning av innkalling og sakliste.

**Sak 2** Val av to representantar til å skriva under møteboka.

**Sak 3 *Ytterligere*** endring av vedtektene.

Imsland Bygdahus har mottat brev frå "Brønnøysundregistra" der det i hovudsak blir sagt: *Imsland Bygdahus B/A er i dag registrert som eit selskap med avgrensa ansvar (BA). Alle slike selskap med avgrensa ansvar (BA) må endre organisasjonsform til samvirkeføretak (SA) og innrette seg etter reglane i den nye samvirkelova før 1. jan 2013. De må derfor gjere nødvendige endringar i eininga sine vedtekter, registrerte opplysningar og føretaksnamn. Vedtektene må tilpassast samvirkelova fullt ut, og namnet på føretaket må endrast slik at organisasjonsnemninga blir SA i staden for BA.*

***I nytt brev frå Brønnøysund blir det peika på formelle feil jfr. samvirkelova, i nyleg innsendte melding med vedtektsendringar.***

**Framlegg til nye endringar er retta opp slik det er føreskrive, for å kunna gjera rett vedtak.**

Representantskapet i Imsland Bygdahus B/A endrar føretaksnamn til *Imsland Bygdahus S/A*

og gjer naudsynte endringar i vedtektene slik at dei samsvarer med ny samvirkelov.

Representantskapet i Imsland Bygdahus S/A må i dette møte 5. desember godkjenne nye tilpassa vedtekter slik dei ligg føre.

Det blir eit veldig kort møte.

Ved spørsmål eller uklarheter kan Oddvar Haugland kontaktast.